FAGFORBUNDET

Helsedirektoratet
Postboks 220 Skøyen
0213 OSLO

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Dato:
26/18353	26/4929-2 EHU Eskild Hustvedt / 47646514	01.10.2026

Høyring masseskaderettleiar

Rettleiaren for masseskadetriage er eit nyttig og viktig verktøy for tilsette i dei prehospitale tenestene. Likevel har det skjedd mykje sidan førre revisjon, og det er naturleg med ein revisjon.

Rettleiing om prioritet
Rettleiaren gir gode råd om prioriteringar i situasjonar kor det er ubalanse mellom behov og tilgjengelege ressursar. Dette er nokre av dei vanskelegaste faglege og etiske vurderingane som vart gjort. Den kan med fordel vere tydelegare på korleis ein skal gjere desse vurderingane. Dagens rettleiar manglar ein del nyansar. Tydelegare føringar kan bidra til likare behandling. I tillegg bør ein omtale eventuelle behov for dokumentasjon.

Omtale av krigssituasjonar og PLIVO
Anbefaling 1 er tydeleg på at ein skal avstå frå å gå inn i område med uakseptabel risiko for innsatspersonalet. Me er glade for at dette får såpass tydeleg omtale. Samstundes, gitt den geopolitiske situasjonen, etterlyser medlemmane erfaringar frå krigssituasjonar og/eller PLIVO-situasjonar, som dei kan lære av. Rettleiaren omtaler ikkje dette spesielt, og det kan hende at den ikkje skal det, men behovet for å lære er reelt. Me ber om at ein vurderer å lage eit følgjedokument som personellet ute i tenesta kan nytte for å lære og førebu seg på situasjonar som kan oppstå.

Prosess og framtidige revisjonar
Fagforbundet set pris på å kunne sende innspel i høyringsrunden. Det hadde likevel vore ein fordel om ein hadde involvert fagorganisasjonane tidlegare, sånn at ein kunne kome med innspel før ein laga ein revidert utgåve. Me fekk tilbakemeldingar frå medlemmar i høve gjennomgangen som kanskje i større grad hadde vore nyttige medan ein jobba med den, heller enn i etterkant, t.d. om ein kan lære noko av nyare modellar, t.d. NHS Major Incident Triage Tool. Det er mogleg at dette har vore ein del av diskusjonane, men det kjem ikkje fram i høyringsdokumentet.

Yrkesseksjon helse og sosial
https://www.fagforbundet.no/
Telefon
E-post post@fagforbundet.no
Boks 7003 St. Olavsplass
0130 OSLO
Organisasjonsnr 971075252
Bankgironummer 90010807467
Fakturaadresse faktura@fagforbundet.no

Mykje tyder òg at elektroniske triagekort og digitale sporingssystem blir viktige i framtida. Ein bør vere klar til å oppdatere rettleiaren når desse verktøya er innført i tenesta.

Med helsing

Eskild Hustvedt
rådgjevar